



Heidi Helen Lygren
Granveien 1c
5067 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5769 - 22/67687

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
07.09.2022

Melding om utført endring av bygningstype i matrikkelen- gbnr 57/6

Viser til innsendt spørsmål om /krav om endring av bygningstype datert 26.07.22, 01.08 og purring på svar 07.08. Bygning på eigedommen er i dag registrert som heilårsbustad brukt som fritidsbustad, men de ynskjer den tilbakeført til heilårsbustad / einebustad. Saka har vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL)av byggesaksavdelinga og det er konkludert med at ynskja endring er ikkje søknadspliktig etter PBL. Saka er sendt til kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.

Bygningstypen er no endra frå bygningstype162- Heilårsbustad brukt som fritidsbustad tilbake til bygningstype 111-einebustad.

Vurdering:

Du ynskjer endra bygningen frå bygningstype162- Heilårsbustad brukt som fritidsbustad tilbake til bygningstype 111-einebustad, med grunngevinga at dette huset vart omsøkt og bygd som einebustad, og at registreringa i matrikkelen er feil. Huset skal no takast i bruk som bustad av dotter til eigar. Registreringa i matrikkelen har nok vore gjort for å få reduserte kommunale avgifter i ein periode huset ikkje har vore brukt som fast bustad. På eit tidspunkt har dette vorte registrert som fritidsbustad, men vart i sak 19/1806 endra tilbake til heilårsbustad brukt som fritidsbustad.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget, då søknad og løyve og no faktisk bruk seier at dette er ein einebustad/ heilårsbustad.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NGIR forvaltning

Mottakarar:

Heidi Helen Lygren
Kjell Lygren

Granveien 1c
Granveien 1c

5067 BERGEN
5067 Bergen